

coop obs! på bygg **Madla**

Tilbudet varer t.o.m 29.11.14.

BJØRKEVED
40 liters sekk.

Pr sekk
29⁸⁰

MADLA
HANDELSLAG

4% KJØPEBONUS

Tresveien 7 - v / den internasjonale skolen

GULL I SIKTE ETTER SEIEREN MOT SVENSKENE

I morgen jakter håndballjentene sin tiende EM-tittel.

SPORT 1. DEL SIDE 35



pluss Julestjernen

STOPP JULERAMMERTIDER

Sissel Kyrkjebø er dronningen av juleplater. Fra Stavanger har hun et herlig juleminne.

MARTE OG JON MICHELET 42 DEN STORE JULEREISEN 12

Stavanger Aftenblad

UKE 51 NR. 296 · 122. ÅRGANG · LØSSALG: KR 25,00 (LEVERT HJEM: FRA KR. 8,50)

www.aftenbladet.no

Laurdagsintervjuet Økonomi

KULTUR 2. DEL side 32-33

Mot ein tøffare kvardag



➤ Professor Klaus Mohn trur vi må rekna med ein slankare lønningspose framover.



SØRMARKA ARENA

Top Gear kommer til Stavanger

Verdens mest sette bilprogram på tv i live-versjon.

KULTUR 2. DEL SIDE 29

AKADEMIET

Privatskoler må betale tilbake 12,6 millioner

Seks Akademietskoler og Bergen Private gymnas brøt privatskoleloven.

NYHETER 1. DEL SIDE 6

LURAMYR INVEST

Møbelkonsern i gigantkonkurs

DNB og eierne taper flere titalls millioner når det tidligere Interstil Holding begjærer oppbud.

NYHETER 1. DEL SIDE 12



STOPP MOBBING I SKOLEN

13.000 har lastet ned Aftenbladets mobbeapp

Nå deler vi ut 50.000 brosjyrer om appen.

STAVANGER 2. DEL SIDE 4




FOTO: PÅL CHRISTENSEN

KULTUR

Laurdagsintervjuet

➤ Me må innstilla oss på ei tid der oljå betyr mindre for arbeid og inntekt. **Men politikarane kan ikkje vedta kva me skal leva av.**

På terskelen til omstillinga

STAVANGER

Det buttar imot for den oljesmurde Stavangerregionen. Oljeprisen går ned, oljeselskapa seier opp folk. Vekstprognosar må reviderast. Framtida er blitt usikker.

På Ullandhaug sit Klaus Mohn, professor i petroleumsøkonomi med 16 års fartstid i Statoil, og observerer utviklinga. Han har lite trøyst å gi til dei som trur at dei gyldne tidene vil venda tilbake. Men han vil heller ikkje overdramatisera situasjonen:

– Det regionen nå går inn i, er meir ein korreksjon enn ei krise. Likevel blir det nokså annleis frå det me har opplevd dei siste åra. Me går frå ein situasjon med ekstraordinær vekst til utflating. Det kan vera alvorleg nok, men det er ikkje slik at alt rasar saman rundt oss. Samtidig er det eit forvarsel om det som skal koma, at oljenæringa gradvis vil bli bygd ned og få mindre å seia for regionen.

«Høyt at flyve...»

Klaus Mohn trur ikkje oljeprisen vil stupa vidare nedover, tvert om. Etterspørselen etter olje, og dermed prisen, vil ta seg opp igjen, spår han. Kanskje til våren, kanskje i 2016 eller endå seinare. Men det vil uansett ikkje endra den grunnleggjande utfordringa for Norge og Rogaland. Oljeproduksjonen har lenge vore på veg ned.

– Derfor må me innstilla oss på endring og omstilling i økonomien uansett oljepris. Og sidan dette er ei strukturell endring, er eg skeptisk til tiltak frå regjeringa for å motverka korreksjonar og reduksjonar i næringa. Me kan ikkje oppretthalda den bonanzaen me har hatt.

– Har me satsa for mykje på oljekortet?

– I ettertid kan me seia at lågare vekst i oljå ville vore betre enn den utviklinga me faktisk har hatt. Det ville gitt meir stabilitet i den regionale økonomien. Nå blir det som i ordtaket: «Høyt at flyve, dypt at falle».

– Men ville det ha vore praktisk mogleg å bremsa aktiviteten i tide?

– Godt spørsmål. Eg er usikker på det. For 10-12 år sidan, i kjølvatnet av dot.com-bølgja, var oljeprisen låg, det same var leiteaktiviteten. Selskapa heldt på å gå tomme for prosjekt. Styresmaktene sette då i verk ei rekke tiltak for å stimulera leiteaktiviteten. Så kom verkadene, samtidig med ein kraftig auke i oljeprisen. Samla slo det ut i eit rekordhøgt investerings- og aktivitetsnivå. I ettertid kan ein seia at det vart for mykje, med det var ikkje lett å spå tidleg på 2000-talet.

I praksis er det vanskeleg å planleggja og styra nivået på oljeakti-

viteten. Ein kan bruka utlysing av nye leiteareal som styringsverktøy, men også det er dårleg eigna til å regulera aktiviteten. Du veit ikkje om selskapa gjer funn, kor stor produksjonen vil bli eller når han kjem i gang.

Men etter delprivatiseringa av Statoil er dette i realiteten det einaste verktøyet staten har. Etter at ein har tildelt leitelisensar er det opp til selskapa. Dermed har ein overlata aktivitetsstyringa til kommersielle interesser.

Statoil ikkje svaret

– Enkelte meiner at det var feil å privatisera Statoil, og at eit heilstatleg Statoil i dag ville vore ein betre reiskap for langsiktig, jamn styring av oljeaktiviteten?

– Eg er ikkje sikker på at det hadde vore eit betre alternativ. Eg trur Statoil ville blitt drive av mange av dei same mekanismane, men utan det korrektivet frå kvartal til kvartal som eigarar som er opptatt av lønnsemd representerer. Ein kan heller stilla spørsmål om korrektivet har fungert godt nok.

– Kva meiner du med det?

– Dei siste åra har Statoil sin dagsorden vore prega av sterke vekstambisjonar med lite fokus på lønnsemd. Det ser me nå resultat av. Aksjemarknaden kunne ha straffa Statoil tidlegare for den sterke kostnadsauken. Når dei ikkje gjorde det, heng det saman med at også kapitalmarknaden lenge var mest opptatt av vekst. Først i 2010/2011 snudde stemninga, og investorane begynte på pressa på for utbyte, kostnadsreduksjonar og kapitaldisiplin.

– Statoil har valt som strategi å ekspandera innan olje og gass internasjonalt framfor å gå tungt inn på nye forretningsområde, for eksempel fornybar energi. Ville ikkje det siste alternativet gjort omstillinga lettare?

– Eg har ikkje tru på det. Dersom me vil ha omstilling over tid er ikkje Statoil svaret. Nye forretningsområde må drivast fram av nye selskap med sterk gründerånd. Og så lenge Statoil sine andre aktivitetar er meir lønnsame enn ny energi, vil nye verksemd få dårlegare kår.

– Men andre oljeselskap har jo valt ein annan strategi og vil bli breie energiselskap – i alle fall verbalt?

– Du sa det – verbalt. BP er eit eksempel, dei skulle gå vidare frå olje, «Beyond Petroleum». I praksis har dei ikkje klart å følgja opp ambisjonane i særleg grad.

Næringslivet veit best

– Likevel er det eit vanleg argument at oljekompetansen kan brukast på mange andre område når det blir

nødvendig. Bransjeorganisasjonen Norsk Olje og Gass og Rambøll laga ein rapport med 26 eksempel. Kva trur du om det?

– Eg trur potensialet er mindre enn mange vil ha det til. Viss prisinga av ny energi blir attraktiv, kan nye bedrifter på denne sektoren gjera seg nytte av arbeidskraft frå leverandørindustrien og til dels frå oljeselskapa. Men eg ser ikkje ei ny industrikyngje som kan tilriva seg noko nær den aktiviteten som oljå representerer i dag. I utgangspunktet er dette industriar som ikkje er så veldig like kvarandre.

– Kor skal då omstillinga koma frå?

– Eg er skeptisk til å designa framtidens næringsstruktur. Eg er heller ikkje sikker på om ny energi bør eller kan bli eit lokomotiv for omstilling av næringslivet i regionen. Det kan godt henda at heilt andre bransjar vil bli viktigare.

– Som for eksempel?

– Det veit eg ikkje. Dei vurderingane får me overlata til næringslivet sjølv, dei er best til det. Politikarane bør nøya seg med å leggja til rette rammevilkåra, å gjera dette til ein god region å bu i. Då er eit framtidens transportsystem det aller viktigaste.

Verken Detroit eller Kuwait

Klaus Mohn er ikkje redd for at Stavanger skal bli eit nytt Detroit, slik Paal Frisvold på Brusselkontoret nyleg åtvare mot:

– Eg er optimist. Ånda og kulturen i regionen, kopla med høg kompetanse, vil hjelpa oss. Folk er fulle av virketrong, dei vil ikkje setja seg i sofaen. Men det kan bli ein tøffare kvardag for mange enn me har vore vane med. For eksempel trur eg ein del av oss må rekna med å få mindre i lønningssposen enn før. Det er ikkje sikkert at nye arbeidsgivarar har like stor lønnssevne som dei gamle. Generelt trur eg lønnsveksten i regionen, som i oljenæringa har vore 5-7 prosent i året, vil bli om lag halvert. Men det er ikkje verre enn at me då kjem på line med resten av landet.

– Er det bra?

– Ja, det vil vera ei god utvikling som vil letta omstillinga. Me får kostnadsnivået under betre kontroll, og då blir det enklare å setja i gang med nye ting. I tillegg får me hjelp av nedgangen i kronekursen. Me kan vera glade for at me ikkje innførte euroen.

– Men for dei som har kjøpt dyre hus er det kanskje ikkje så kjekt?

– Nei, men eg trur ikkje på noko krakk på bustadmarknaden, heller ei utflating og utjamning mot resten av landet også her. Det er bra for ungdom som skal etablara seg, og for folk i andre yrke enn oljå,

som lenge har slite med dei høge bustadprisane. Alt tyder dessutan på at renta vil halda seg låg i lang tid framover.

– Kor langt har me i dei siste åra kome i retning av ein «Kuwait-økonomi», der innvandrara gjer dei tunge jobbane og me sjølve lever som oljerentenistar?

– For meg er det like fjernt som Detroit-eksemplet. Men me ser enkelte tendensar – det er for eksempel ikkje så mange norske ungdommar som jobbar i serviceyrke, i reinngjering eller i handverksfag. I alle fall synest ikkje foreldra deira at dei bør utdanna seg i den retning. Far-signala er der, men det er langt igjen til Midtausten.

– Men er det fare for eit varig kompetansetap når me i lengre tid knapt har rekruttert nordmenn til ei rekke fag?

– Det er ikkje for seint å retta opp skaden. Kompetansen kan byggjast opp igjen, men det vil ikkje skje over natta. Det er viktig at me lukkast i å motivera ungdom til å gå inn i denne typen jobbar. Der har Rogaland trass alt vore betre enn fleire andre fylke.

– Næringsforeningen fekk hakeslepp då ei undersøking for nokre år sidan viste at Rogalands-ungdommen har mindre entreprenørånd enn ungdom i Oslo og Akershus?

– Det kan henda at ungdommen her i dei gode tidene har fått mindre vilje til å ta risiko. Men eg vil ikkje høyrast ut som ein gammal gubbe. Eldre folk har alltid klaga på ungdommen, men ungdommen har alltid innfridd. Det trur eg vil skje denne gongen òg.

Universitetet si rolle

Klaus Mohn var ikkje blant under-skrivarane på lesarbrevet nyleg, der ei rekke framstående universitetsfolk slo til lyd for ei omstilling ved Universitetet i Stavanger, «til en forskningsprofil som peker framover mot et samfunn hvor klima-problemene er løst».

– Eg meiner debatten er viktig. Samtidig vil eg halda fana høgt når det gjeld den akademiske fridommen. Ein ovanfrå-og-ned strategi på dette feltet er problematisk. Ein kan godt tenkja seg at universitetet spelar ei rolle som balanserande motkraft mot oljedominansen i regionen. Men eg trur meir på at den enkelte akademikaren her må ta eit ansvar, framfor at leiinga skal leggja føringar. Noko av det viktigaste universitetet kan gjera, er å byggja opp uavhengig kompetanse på olje- og energispørsmål. For min eigen del legg eg vekt på å halda kritisk distanse både til oljå og miljøørsla, seier Klaus Mohn.

TOM HETLAND

Eg er ikkje sikker på om ny energi bør eller kan bli eit lokomotiv for omstilling av næringslivet i regionen.



– Eg er optimist. Regionen vår blir verken Detroit eller Kuwait, seier Klaus Mohn, professor i petroleumsøkonomi. FOTO: PÅL CHRISTENSEN